

Eigedomsskatt for båtlaga ikkje avklåra

01.03.2012



For ein månad sidan søkte dei friviljuge båtlaga i kommunen om fritak for eigedomsskatt. Kommunen har no svara, men saka er ikkje avklåra.
Hans Olav Fernsteinevik som leiar eigedomsskattekontoret har bedt laga om fleire opplysningar. Eit av laga som søkte var Uskedalen Båtlag,
Kommunen bed melom anna om rekneskap for 2 år, talet på plassar for faste medlemmer og kor mange som er til gjester.
Det må også opplystast om organisasjonsform.

Kommunen minnar om at lova heimlar fritak i paragraf 7 a hvis det er stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eitt fylke eller staten. Også bygningar med historisk verdi kan fritakast.

Båttag fell ikkje under denne paragrafen og kommunen ser på dei fleste båttag som som ein organisering av privat rett som ikkje er lik som til dømes eit idrettslag.

Eigedomsskattekontoret ser at mange båttag er ein konstruksjon for organisering av private rettar. Dette gjer at med skattevedtaket for dette året som gjelder for næring, verk og bruk, vil mange båttag ikkje vera omfatta av vedtaket. Difor er det naudsynt med meir informasjon..

Av Ola Matti Mathisen